

Hørings uttale frå Imslandsgrenda om grøne sertifikat 31.januar 2011

Gamle Imsland kommune var eigen kommune fram til 1965. Då med eit folketal på ca 600 innbyggjarar. Samanslegen med 4 andre kommunar til Vindafjord, med 4800 innbyggjarar. For 5 år sida blei Vindafjord ein kommune av Ølen og Vindafjord, med 8111 innbyggjarar og med Ølen som sentrum.

Imsland ligg innerst på Haugalandet. 75 km til Haugesund. 15 km og ferje til Sand i Suldal. 45 km til Sauda. 30 km til sentrum i kommunen. Imslandsgrenda består av mindre gardsbruk med ku og sau. Det er berre tre til fire bruk som har vel 90 000 kg mjølk, bruka er små.

Nå er det i overkant av 300 innbyggjarar att i gamle Imsland kommune. Har ein barneskule, som vi har klart å berga 2 gangar frå sentralisering. Har ein forretning, handelslag. Kyrkja skal feire 150 årsjubileum no. Sparebanken er rasjonalisert bort med kun 3 timar opningstid pr veke, utan data.

Refererer til kraftseminar på Sauda Fjordhotell 12 -13 februar 2004

Det var mellom 200 og 300 personar til stadet på seminaret.

Blant anna energiminister Einar Stensnes frå Krf. Han opna Bjerga kraftverk med synfaring for alle deltakarene. Stensnes var hovudtalar på seminaret. Han snakket då om grøne sertifikat og samarbeid med Sverige. I Sverige fekk dei godt 20 øre pr kW.h.

Når han blei spurd kva det ville bli her, og kven som skulle få svara han: Bjerga var for tidleg ute, men alle som har starta utbygging etter 1.1 2004 og opp til installert effekt på 10mw. Kva prisen ville bli på kW var det for mykje usikkerheit å lova noko om. Så her var det klar tale som ikkje var til å ta feil av. Då vart det mykje optimisme etter dette seminaret.

Så dette med kraftverka våre. Det er bygd 3 kraftverk i gamle Imsland kommune:

Imsland kraftverk installert effekt	5.400 kW,	produksjon 18 gwh.
Ølmedal kraftverk installert effekt	4.500 kW,	produksjon 15 gwh.
Wågåana kraftverk installert effekt	3.000 kW,	produksjon 9 gwh.

Dei tre kraftverka våre hadde byggestart årsskifte 2008 – 2009. Alle tre med snautt eit år for tidleg ute. To er kopla til nettet no, det tredje er ennå ikkje ferdig. Det skulle vera eit pioner prosjekt med fullprofilborring i fjell, liknande utstyr som er brukt i Nordsjøen. Dei har diverre treft på dårleg fjell, som har forsinka arbeidet.

Kraftverka kom ut i ein svær prisstigning på slike tenester.

Imsland kraftverk, det største, installerte 5 400 kW, var kostnadsrekna til 47 mill. Imsland kraftverk ferdig kostet 62 mill., utbyggingskostnad kr 3.50 pr kW. Noko som ligg på grensa til rekningsvarande.

Kraftverka er enno ikkje ferdig med innkjøringstida, for å koma i ein stabil produksjon.

Det er heil uforståeleg at ein skal koma utafør el sertifikat, grøne sertifikat på rein fornybar energi.

Byggestart tidspunktet er svert vanskeleg å tidfesta. Er det når ein byrja gravarbeidet, første salva gjekk i Mor Noreg, eller er det når ein byrjar å skoga for traseen til linja?

Her skulle det vore kopling til nett.

Då hadde alle tre kraftverka våre komne innafor grøne sertifikat.

Slik det er pr i dag må ein produsere i mange år før ein går i pluss.

Kostnad med grøne sertifikat:

Nyare forskning har synt til at jo meir grøn kraft det vert bygd ut, jo meir vil prisen på straumen verta pressa. Billigare for forbrukar.

Dette vil og føra til at me kjem i ein svært uheldig situasjon i Imsland

Me vil påstå at det er utkantsamfunnet som blir hardast ramma pr innbyggjar, med inntekter og tilslutt skatteinntekter for kommunen. (Ein skal allereie i dag betala ca 1 mill. i formueskatt av verka til kommunen som er vanskeleg å finna økonomi til.)

Med helsing frå kraftverkeigarane i Imsland

Edvard Imsland t.40401044
Liv Hoff Imsland
Imsland kraftverk

Per Bakkedal t.48142749
Liv Norunn Bakkedal
Ølmedal kraftverk

Kjell Hustveit t.97020768
Anne Karin Hustveit
Ølmedal kraftverk

Sigbjørn Staurland t.99717461
Ølmedal kraftverk

Einar Solheim t.95047725
Sigrid Aksland
Ølmedal kraftverk

Edvind Marvik t.47370568
Bodil Imsland
Ølmedal kraftverk

Sverre Hustveit t.47269900
Ølmedal kraftverk